



Kvinge Grendalag  
Nordre Kvinge  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 20/522 - 21/4860

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
03.06.2021

## Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for bygging av universell tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta

Vi syner til søknad motteke den 15.03.2021.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### Administrativt vedtak. Saknr: 065/2021

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for bygging av universell tilkomst på gnr 37/3,7 og 8 til dagsturhytta på gbnr 37/3.

**Grunngjeving:** Rørslehemma med rullestol kan koma seg fram til dagsturhytta både frå parkeringsplassen og frå båt. Mange er avhengig av å få lagt til rette for å kunne vere aktiv. Tilrettelegging for universell tilkomst til dagsturhytta vil verke positivt på folkehelsa, og gjere at fleire i alle aldrar kjem seg ut i naturen. Ved å gje dispensasjon for desse tiltaka vil ein gjere eit større område med natur, strand og sjø tilgjengeleg for ålmenta. Spesielt viktig er det for dei gruppene som elles ikkje vil kunna koma seg ut i naturen.

**Med god og forbetra tilkomst vil området verta meir eigna til heilårsbruk, sidan gangvegen vil verta drenert og får ei breidde som gjer det attraktivt både for turgårar og mosjonistar med fleire, også i vinterhalvåret. Tiltaka vil ikkje privatisera området, heller tvert i mot. Tiltaka vert bygd for å styrka friluftslivet for ålmenta.**

**Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel, nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100-meters beltet i strandsona (pbl § 1-8), samt omsynet til natur, miljø, landbruk og friluftsliv.**

**Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.**

**Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

## **Saksutgreiing:**

### **1. Bakgrunn**

Det er i søknad mottatt 15.03.2021 søkt om dispensasjon for etablering av universell tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta på gnr 37/3.

### **2. Uttale**

Søknaden vart sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune 08.04.2021.

Kommunen mottok uttale frå Vestland fylkeskommune datert 12.04.2021 der det stod følgjande:

«Vestland fylkeskommune ved INV forstår det slik at det er naudsynt med dispensasjon frå område avsett til LNF i kommuneplanen for Masfjorden kommune for å kunne etablere universell tilkomst til dagsturhytta. Vi har ikkje merknadar til ein eventuell dispensasjon i denne saka ut i frå dei trafikale tilhøva vi skal ivareta. Vi stiller oss difor positive til ein dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.»

Statsforvaltaren i Vestland uttalte følgjande i brev datert 03.05.2021: «Statsforvaltaren meiner det er positivt at kommunen i nokre område legg til rette for universell tilkomst til natur og friluftslivopplevelingar. Slik universell utforma tilkomst frå parkering til dagsturhytte er skildra i ny søknad vil vi ikkje motsetje oss han. Tiltaka i strandsona er dessutan vesentleg reduserte frå førre forslag. Etter det vi kan sjå vil det vere mogleg å reversere tiltaka om det skulle verte naudsynt. Det er viktig at flytebrygga vert for ålmenta og at ho er knytt til dagsturhytta. Om kommunen vel å gje dispensasjon i saka ber vi om at det vert sett vilkår at flytebrygga skal vere offentleg. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Masfjorden idrettsråd stiller seg også positiv til søknad og skriv melom anna i brev mottatt 23.04.2021: «Vi jobbar for at alle i fylket skal ha moglegheit til å vere fysisk aktive kvar dag. Den fysiske aktiviteten blir skapt i kommunane, i lag og organisasjonar. Fysisk aktivitet heng saman med livskvalitet. Ved å legge til rette for aktivitetar med låg terskel, reduserer vi helsekilnaden mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn. Fysisk aktivitet har stor verdi både for individet, lokalsamfunnet og storsamfunnet. Det bidreg òg med å skape sosiale møteplassar i lokalsamfunna i kommunane.»

### **3. Fakta**


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen til kommuneplanen og frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av universell tilkomst til dagsturhytta gnr 37/3. Tiltaka vil gå over gnr 37 bnr 3,7 og 8.

Tiltakshavar har søkt om tiltaket tidlegare, men ønska å trekke den søknaden og utarbeide ny søknad.

**Skildring av tiltaket:** Frå parkering på Bakken er det i dag traktorveg til P 0, der tiltaket startar. Den universell utforma grusa gangvegen vil få ei lengd på 925 meter og 1,5 meter breidd fram til dagsturhytta, P 925 som vist på situasjonskart nedanfor.

Gangvegen er i hovudsak lagd på høgdedrag i terrenget der det trengs lite terrenginngrep og som vil gje ein tørr og stødig gangveg. Det er ingen stadar behov for sprenging i fjell. I området der vegen ligg er det ein del myr og korte strekk av vegen som må leggast over myr. Her vert det lagt berelag av stokkar som vert dekka over med stedlige massar og grus.


Heile vegen vert bygd med avgrensa terrenginngrep der heile tiltaket er nær 100 % reversibelt om gangvegen ikkje skal nyttast i framtida.



Figur 1 – Kart over området som viser der turstien er planlagt.

**Tilkomst frå/til sjø:** For at rørslehemma skal kunne besøke dagsturhytta sjøvegen og/eller kunne nyitta stranda, vert det 20 meter lang grusa sti direkte frå dagsturhytta til flytebryggje (4 x 6 meter). Turstien vert utforma med minst mogleg terrenginngrep men det vert høve til at rørslehemma med rullestol i lag med hjelpar kan kome seg fram. I dag går den eine stien fram til hytta her.

«Neset» der flytebrygga vert ankra opp tett ved land blir «holme» ved høg flo. Difor er det behov for å heva traséen 0,6 meter i 10 meter lengd mellom dette berget og stranda. Til dette nyttar ein lokal stein, og legg toppdekke inne mellom steinane slik at vegen vert tilpassa omgjevane.



Figur 2 – Kart over tiltak i strandsona.

Gangveg har blitt justert noko etter at søknaden var ute på høyring. Grunngjeving for justering er at gangveg vil gje enda mindre inngrep i strandsona, fordi den vert lagt betre i terrenget. Dette gjer at ein unngår sprenging av bergnabb mot hytta og felling av store furuar mellom strandsona og hytta. Gangveg er vist på biletet under der gangveg er teikna inn.



**Vurdering etter naturmangfaldslova:** Det følgjer av naturmangfaldslova § 7 at ved all offentleg myndighet som berører naturmangfold, skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn. Ved beslutning som berører forekomst av utvalgt naturtype, skal det alltid takast særleg omsyn til denne, slik at forringing av naturtypens utbreiing og forekomst vert unngått.

Det er gjennomført søk på kart.naturbase.no. Det er ikke registrert naturtyper innanfor område for planlagte tiltak som er spesielt viktig for biologisk og landskapsmessige forhold. Det er ikke registrert prioriterte artar, truande eller nær truande artar på Norsk raudliste for artar i område. Kravet til kunnskapsgrunnlaget ser kommunen på som oppfylt jf naturmangfaldslova § 8. Det betyr at føre-varprinsippet ikke kjem til anvending. Målet med føre-var-prinsippet er å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet utfrå kjend kunnskap. Det er ikke grunn til å anta at det vil vere trua naturtype eller trua dyrearter i det aktuelle område.

Naturmangfold vert ikke vesentleg berørt av tiltaka, og det kan ikke påvisast konkrete negative effektar av tiltaket på verdifull natur. Ved etablering av gangsti vil det medføre at vegetasjonen under traseen vil gå

tapt. Arbeidet vert gjennomført så skånsomt som mogleg. Aktuelle tiltak vil ikkje føre til store inngrep i naturen og alle tiltake kan tilbakeførast enkelt dersom hytta og anlegga i framtida ikkje lenger skal nyttast av ålementa.

**Uttale frå landbruk:** Det som er postivt og eit viktig moment til å godkjenna vegen er at plasseringa er på impediment/myr nesten heile vegen. Etter bygging er den særskilt godt tilpassa terrenget. Ingen merknader til sløyfa ned til sjø og flytebrygge.

#### 4. Vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf.tbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon. Etter forarbeida vil det normalt ikkje vere anledning til å gje dispensasjon når omsyna bak bestemminga det søkast dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak bygge/dele-forbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenne interesser, spesielt ferdsel, friluftsinteresser og landskapsomsyn. Desse omsyna vil, i varierande grad, og gjere seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandsona må avgrensast. Kommunane skal handheve ein streng dispensasjonspraksis i strandsona, jf. arealpolitisk retningslinje nr. 11 i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008. Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Forbodet i plan- og bygningslova § 1-8 mot bygging i 100-meterseltet langs sjø veg tungt, jf. Ot. Prp. 32 (2007-08) side 243.

Vedrørende dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf.tbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispnesasjonane sine konsekvenser for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Rørslehemma med rullestol kan koma seg fram til dagsturhytta både frå parkeringsplassen og frå båt. Mange er avhengig av å få lagt til rette for å kunne vere aktiv. Tilretteleggjring for universell tilkomst til dagsturhytta vil verke positivt på folkehelsa, og gjere at fleire i alle aldrar kjem seg ut i naturen. Ved å gje dispensasjon for desse tiltaka vil ein gjere eit større område med natur, strand og sjø tilgjengeleg for ålmenta. Spesielt viktig er det for dei gruppene som elles ikkje vil kunna koma seg ut i naturen.

Med god og forbetra tilkomst vil området verta meir eigna til heilårs bruk, sidan gangvegen vil verta drenert og får ei breidde som gjer det attraktivt både for turgåarar og mosjonistar med fleire, også i vinterhalvåret. Tiltaka vil ikkje privatisera området, heller tvert i mot. Tiltaka vert bygd for å styrka friluftslivet for ålmenta.

Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel, nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100-meters beltet i strandsona (pbl § 1-8), samt omsynet til natur, miljø, landbruk og friluftsliv.

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

## 5. Konklusjon

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for etablering av tilkomst på gnr 37 bnr 3,7 og 8 til dagsturhytta for ålmenta på gnr 37/3.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakarar:

Kvinge Grendalag

Nordre Kvinge

5981

MASFJORDNES